



## Monument og minnesmerke i Vinje

Skulpturen er meir enn andre kunstformer laga for å stå ute – det er kunst for det offentlege rommet. Og fordi bilethoggarkunsten er ressurskrevjande, er monumenta dyre; derfor ligg det ofte ein lang prosess til grunn for kvart utstilte bilethoggararbeid. Det er med andre ord ikkje tilfeldig kva me har i kring oss av monument og minnesmerke. Ein kan godt seia at eit samfunn presenterer seg sjølv gjennom skulpturane sine.

I Vinje er det minst 30 skulpturar rundt om i den vide kommunen, attåt samlingane til Dyre Vaa og Knut Skinnarland. Ingen av dei portretterer personar med makt eller rikdom, ingen frå politikk eller næringsliv. Derimot er kulturen og naturen godt representert. Og fleire av dei beste er faktisk heimelaga og stuttreiste!

### Aasmund Olavsson Vinje

Ein person som må seiast å vera ein bauta i seg sjølv, var diktaren, essayisten, folkeopplysaren, målmannen og journalisten Aasmund Olavsson Vinje (1818-1870). Han var fødd på Nordigard Vinje i 1818, og voks opp på Plassen (eller Plassevja) som far hans dyrka, bygde og leigde av Tov Vinje.

Aasmund var altså husmannsgut, og var ikkje gamle karen då han som ungar flest tok dei fyrste stega ut i yrkeslivet som gjetar. Men han hadde eit godt hovud, var flink på skulen, stod fremst i kyrkja under konfirmasjonen, tok hjelpeseminaret i Kviteseid med beste resultat nokon gong, blei omgangsskulelærer i heimbygda og – etter initiativ frå presten Anton Elias Smitt - student ved Asker seminar, for at han seinare skulle kunne overta som klokkar og lærar i bygda.

Men trass i at han kom heim til Vinje med framifrå karakterar, fekk han ikkje stillinga som han meinte presten hadde lova han. Den gjekk i staden til ein gardmannsson. Aasmund reiste frå Vinje for godt, og levde heretter av sin vekselvis skarpe og poetiske penn.

Det blei eit liv med høge tindar og djupe dalar, som landskapet han reiste frå. Aasmund hadde uvanleg stor intellektuell kapasitet og arbeidsevne, og ein brå, strid og sår hug. Alt dette syner att i det litterære og journalistiske livsverket hans. For utviklinga av det nynorske skriftspråket kan innsatsens han snauvt vurderast høgt nok.

### Vinje-stytta

Etter kvart fekk heimbygda hans òg opp augo for den bortkomne sonen og alt han stod for. På 1890-talet reiste dei ein bautastein til minne om diktaren, like nedom tunet på Plassen ved vegen som no heiter E134. Eit bronserelieff laga av bilethoggaren Mathias Skeibrok er felt inn i granittblokken, og under relieffet er innskrifta

A.O. VINJE

f. 1818

Her med Far og Mor

Og Frænder

Voks du up i

Desse Grænder

Mathias Skeibrok (1851-1896) frå Vanse ved Lista var ein av dei fremste norske bilethoggarane i siste halvdel av 1800-talet, utdanna i Paris, meister for fleire store, dekorative arbeid og ei rekkje portrett, m.a. av Bjørnstjerne Bjørnson, men kanskje best kjend for den sosialrealistiske figuren «Træt».

Det er ei lang historie om dette monumentet – det blei reist, teke ned att og reist ein gong til med ny innskrift. Og sjølv om det aldri blei avduka, så har bygdefolk i generasjonar samla seg om ein liten seremoni ved Vinjestytta kvar 17. mai. Steinen stend i dag innmed E134 ved Vinjar, like nedanfor husa på Plassen.

### **Knut Skinnarlands Vinje-statue**

Seinare blei det reist statuar av Aasmund O. Vinje fleire stader. Gunnar Utsond frå Kviteseid, han som modellerte Sam Eyde på Rjukan (avduka 1920), laga òg ein bronsestatue av Aa. O. Vinje som står ved fylkeshuset i Skien. I 1952 hadde Dyre Vaa (1903-1980) laga sin versjon av Vinje. Utkastet var på utstilling i Oslo i 1953, men det var ingen kjøparar før Rolf Stranger mange år seinare tok til orde for å reise eit Vinje-monument i Oslo. Dyre Vaa fekk oppdraget, og i 1968 blei statuen avduka ved studentbyen på Sogn, 150 år etter at Vinje blei fødd. Det var i tala si ved dette høvet at professor Sigmund Skard kalla Vinje «ein hippie frå Telemark».

To år tidlegare meinte kommunestyret i Vinje at det var på tide å reise eit tilsvarande monument på heimstaden til diktaren. Bilethoggaren Knut Skinnarland (1909-1993) frå Rauland blei beden om å utføre arbeidet. Statuen blei reist på ein høg sokkel ved samfunnshuset Vinjar og avduka i juni 1974, i samband med opninga av Vinjeutstillinga.

Også denne gongen heldt professor Sigmund Skard avdukingstala. «Når vi møtest her i dag for å heidre Aasmund Olavsson Vinje og ynskje han velkomen heim, då kjenner vi vel alle djupt inne i oss, at dette er noko som på ein særmerkt måte er naturleg og rett», sa Skard. «Vi gjer det for vår skuld, ikkje for hans. Han treng ikkje lenger vår heidring. Han levde eit vanskeleg liv med mykje av nederlag, og han tvila på mangt, men han tvila aldri på at framtida var hans. Jamvel når han var lengst nede, når han slo vitsar for eit måltid mat på restaurasjonane i det iskalde Kristiania, kunne han seie med sin skakke smil at «eg får nok mitt monument». Og han fekk rett. Dette er det niande i rekkja.»<sup>1</sup>

Stoga, stytta og statuen er no delar av det nye Vinje-senteret, som held til i det tidlegare skuleanlegget ved Vinjar.

### **Storegut**

*Storegut* er ei ferje som trafikkerer Tinnsjøen, og som har fått liksom eit nytt liv etter verdsarvstatusen. Men namnet er henta frå Vinje, dels frå segnene og sogene om kjempekaren Olav Olavsson Edland (1764-1791) og dels frå diktsyklusen Aasmund O. Vinje skreiv på grunnlag av segnmaterialet. Dikta om *Storegut* blei fyrst publisert kvar for seg i bladet *Dølen*, og samla i ei bok i 1868.

<sup>1</sup> Sitert etter Øystein Kostveit, *På sokkel og vegg, Rauland 2005*



Storegut-verket er eit døme på korleis forteljinga om ein menneskelagnad kan gripe folk og inspirere så vel musikarar som biletkunstnarar over store avstandar i tid og rom. Det er eigentleg ei enkel og tragisk historie: denne Olaven utmerkte seg i alle samanhengar med at han var umåteleg sterk og tvers i gjennom rettskaffen. Venesæl og glad i dyr, men nådelaus hard med dei som utnytta andre til eiga vinning. Dermed fekk han fiendar så vel som vener; og då han ein gong reiste til fjells med buskapen og aldri kom att, fortel tradisjonen at han blei skoten av ein som ville hemne seg.

Henrik Sørensen og Harald Kihle er kunstnarar som har illustrert utgåver av Storegut. Mange av dikta er tonesette, m.a. «Den dag kjem aldri at eg deg gløymer...», og brørne Aasmund og Odd Nordstoga framfører eit stort utval av dikta til eigne tonar.

Alt i 1983 tok Ragnvald Christenson i Haukeli til orde for at det burde reisast eit monument over Storegut i grenda der han kom frå. Det blei ikkje mogleg å få det til den gongen, men Christenson gav seg ikkje. Som ein av initiativtakarane til Litteraturdagane i Vinje fekk han bilethoggaren Kjell Grette Christensen, opphavleg frå Rjukan, til å modellere ein statuett som kvart år blir dela ut til verdige vinnarar av Storegut-prisen. Og mange år seinare, i 2014, blei denne statuetten utgangspunktet for ein Storegut i heilfigur, støyppt i bronse i Italia.

På litteraturdagane laurdag 27. august blei Storegut avduka, og Ragnvald Christenson heldt tala som sette eit solid punktum for ein årelang innsats. Storegut stend no på hi sida av vegen for Edland skule, til inspirasjon og kunnskap for stadig nye generasjonar i den tradisjonsmedvitne bygda.

## Myllarguten

Spelemannen Tarjei (Torgeir) Augundsson (1801-1872) var fødd og oppvaksen i Sauherad, som son av ein møllar – eller myllar, som er uttaleforma i Vest-Telemark, der han kom til å leva størstedelen av livet sitt.

Myllarguten var eit heilt uvanleg musikalsk talent. Han fornya slåttetradisjonen, og blei den best kjende spelemannen i heile det store hardingfeleområdet. Med Ole Bull som mellomledd formidla han avgjerande impulsar frå folkemusikken til dei store nasjonalromantiske komponistane på 1800-talet.

Ei tid tende Myllarguten nok pengar på spelinga si til at han kunne kjøpe seg gard på Rauland, men kunstnaren fekk aldri tak på gardsdrifta, og laut flytte med familien til plassen Kosi i Arabygdi. Der døydde han seinhaustes 1872. Ein pram fylgde i likferda til Rauland kyrkje. «Fatig livde han og fatigsleg døydde han; fatigt og faament var fylgje som førde Noregs beste spelemann til jordi», skreiv Rikard Berge i biografien hans.

Men slåttetradisjonen etter Myllaren er rik, og omdømet hans berre voks med åra. Det gjekk som med Aasmund O. Vinje: han fekk sine monument etter kvart. Eit av dei stend i Arabygdi, rett ved «Myllarheimen», som òg er freda og del av Vest-Telemark Museum. Myllargut-monumentet er modellert av Dyre Vaa, som gav gipsfiguren til Rauland kommune alt i 1953. Det var likevel fyrst i 1969, då Rauland og Vinje var slegne saman til ein kommune, at bronsestatuen blei reist og avduka med stor festivitas.

## 7 år

På kyrkjegarden i Rauland stend ein bronseskulptur av ei lita jente. Skulpturen heiter 7 år, er modellert av



bilethoggaren Tor Vaa (1928-2008) og er gravminne for familien til Dyre og Thora Vaa. Det er ei vanleg oppfatning blant kunstkritikarar at dette er ein av dei finaste barneskulpturane i den norske bilethoggarkunsten.

Tor Vaa hadde far sin som den fyrste læremeisteren, men dei to var svært ulike som kunstnarar. Dyre var impulsiv, let fantasien fløyme og såg gjerne vekk frå formelle normer og krav i kunsten, når han tykte dei ikkje passa. Tor var kjenslevar, stille og ettertenksam, og sette så strenge formelle krav til seg sjølv at det heller verka hemmande på produktiviteten.

Det var syster av Tor, Sissel, som stod modell for 7 år. Figuren blei modellert i 1948, og var med på den store skulpturutstillinga i Kunstnernes Hus i 1950. Øistein Parmann skildrar skulpturen slik:

*Den uferdige kroppen med den ubevisste, litt keitete holdningen, er så godt sett og riktig oppfattet at den blir almengyldig for barnet, nettopp i dette avgjørende året i dets liv – skolemodenhetsalderen, da fantasikreftene for alvor våkner og skal legges under kultur. Folkeskolelærere bør studere denne lille skulpturen som forteller så meget. Slik ser de ut, de barna som møter opp i første klasse og tillitsfullt og besluttsomt overgir seg i lærerens hender. Ja, i dette aspekt er Syv år både gripende og rystende. Det er som om kunstneren med et melankolsk klarsyn spør: er vi disse barn verdige som lærere og oppdragere?<sup>2</sup>*

Kopiar av skulpturen står fleire stader i Noreg, og vil for all tid vera sjølve signaturarbeidet til den varsame, næpne og særdeles duglege biletkunstnaren Tor Vaa.

### Tarjei Vesaas

Utanfor kommunehuset i Åmot sit Tarjei Vesaas (1897-1970) roleg på ein stein og ser på trafikken og livet framom seg. Både posituren og portrettet er lett kjenneleg for alle som minnest denne jordnære, heimekjære og litterært grenselause diktarhøvdingen, som i fylgje den danske forfattarkollegaen Martin A. Hansen måtte bu i Vinje for ikkje å få Nobelprisen i litteratur.

Bronseskulpturen er modellert av Tone Thiis Schjetne (1928-2015). I 1983 vann ho oppdraget frå Vinje kommune og Norsk kulturråd, i tevling med 32 andre innsende utkast. 17. mai 1986 blei skulpturen avduka med tale av universitetslektor og tidlegare ordførar i Vinje, Leiv Fetveit, diktlesing av Olav Vesaas og korpsmusikk.

Bilethoggaren hadde sjølv kome frå Trondheim for å vera med på avdukinga. Tarjei Vesaas-monumentet er blitt ståande som eit av hovudverka til Tone Thiis Schjetne, som er ein viktig representant særleg for dei bilethoggarane som i etterkrigstida heldt seg til den figurative tradisjonen. Ho er representert i Nasjonalgalleriet og Riksgalleriet, og i 2001 fekk ho Ingeborg og Per Palle Storms ærespris for den innsatsen ho har gjort i norsk bilethoggarkunst og kunstlivet elles.

### Halldis Moren Vesaas

var òg med på avdukinga, og retta ein takk til kunstnaren, Vinje kommune og Norsk kulturråd. Nokre år seinare skulle ho sjølv få ein plass på det området som no heiter Vesaas-parken.

<sup>2</sup> Øistein Parmann, *Norsk skulptur i femti år*, Dreyer 1969



Halldis gjekk bort i 1995, men ville ha vore 100 år i 2007. Som del av førebuingane til hundreårsjubileet lyste Vinje kommune ut endå ei skulpturtevling. Vinnaren var Merete Sejersted Bødtker, som etter juryens meining leverte den beste og mest naturtru framstillinga av Halldis Moren Vesaas, med ei vakker og ledig haldning. Utkastet kalla ho «Smilande benk», fordi motivet var henta frå eit av dei dikta Halldis skreiv den siste sommaren ho levde, då ho gjekk sine små turar opp etter vegen i Midtbøs bakkar:<sup>3</sup>

*Sommar 1995*

*Mannen som bur nedi lia  
må tydelegvis ha merkt seg  
at «møbler av plast  
har eg elles lite til overs for».*

*Der to kvite plaststolar stod i fjor  
står i år ein solid trebenk.  
Ny å sjå til. I alle fall nymåla.  
Glinsande grøn.*

*Kan ein benk smile?  
Denne benken kan.*

*Da mannen ommøblerte  
her på bakketoppen  
må han ha smilt i skjegget.  
Og smilen blanda seg med grønmålinga  
så no står benken og smiler med hele seg.*

*Og eg som går og set meg der  
smiler tilbake med heile meg.*

Skulpturen syner dikteren – rett nok i ei yngre utgåve enn då ho skreiv diktet – framom ein typisk parkbenk, men her støypt i bronse. Dette blir rekna som gjennombrotsarbeidet til Bødtker, som seinare har markert seg med fleire gode portrett, m.a. av Per Sivle og Olav Selvaag.

Laurdag 22. september 2007 blei skulpturen avduka av fylkesmann Kari Nordheim-Larsen. Seremonien var del av programmet ved Litteraturdagane i Vinje, som dette året sjølv sagt var vikt til hundreårsminnet om ein av dei mest folkekjære diktarane Noreg har hatt.

No står ho liksom der og ventar nokon, Halldis, blyg og samstundes byrg og sjølvstendig, med ein høveleg avstand til mannen ho levde mesteparten av livet saman med – diktarapparatet, som borna deira kalla dei.

## Dyr

Slett ikkje alle skulpturar i Vinje er i bronse. Då det nye Vinjehuset stod ferdig i Åmot i 1988, hadde det også

<sup>3</sup> Frå samlinga *Livshus*, Aschehoug 1995

vore halde utsmykkingskonkurranse. Bilethoggaren Trygve Barstad frå Seljord vann tevlinga om den utvendige dekorasjonen med skulpturen *Dyr*, utført i rustfritt stål.

Motivet er ei gruppe høgføtte, stiliserte reinsdyr, tett saman slik reinen ofte står. Det er eit velvalt motiv: Vinje er med sine store areal nordover Hardangervidda og vestover i Setesdalsheiane den største villreinkommunen i landet, og reinen har til alle tider vore sjølve *dyret* i fjellbygda. Barstad har lykkast i å skapa ei verknadsfull spenning mellom dei høge, spinkle og metallisk skinande formene i skulpturen, og den massive og mørkare bygningen bakom.

No bind dette elementet av stilisert natur saman den nye skulen i Åmot med det framleis moderne Vinjehuset, som er kommunens kulturelle storstøye. Samla sett er dette eit talande uttrykk for eit samfunn som tek med seg røtene og føresetnadene sine inn i framtida.

## Kommunikasjon

Til slutt skal nemnast eit av dei minst påakta minnesmerka i Vinje, men likevel eit med stor symbolverdi. I ein stor stein – «Hokkesteinen» - ved Rjukanvegen (fv 37) like nord for Austbø, er det felt inn ei bronseplate med eit relieff laga av Dyre Vaa, og med innskrifta «Til minne um Alf Dahle, vegsjef i Telemark 1915-1937».

Motivet på relieffet er ein mann som står ved sidan av ein nivelleringskikkert, og ein annan mann som held ei stikke. I bakgrunnen er eit *dyr* – et reinsdyr. Natur, teknikk og kultur. Minneplata er ein honnør til ein embetsmann som hadde forståing for kor viktig det var å byggje vegar også i utkantbygder og over fjella som både skil og samlar, i ei tid då ulike delar av landet hadde så ulik utviklingstakt at store område stod i fare for å mangle ein infrastruktur som var avgjerande for det moderne nærings- og samfunnslivet. Dette var situasjonen i mellomkrigstida, då Alf Dahle var vegsjef i Telemark, men kanskje endå meir etter 2. verdskrigen. Det var altså ingen utdatert bodskap då relieffet blei montert og avduka i 1959, og er det heller ikkje i dag.

Alf Dahle er nemnt som «Rjukanvegens far». Veggen mellom Vinje, Rauland og Rjukan er òg eit symbol på sambandet og kommunikasjonen mellom to samfunn som høyrer til kvar sin del av Telemark, og som på mange vis er ulike, men der det gjennom ei lang soge har vore mykje kontakt og hopehav. Møsvatn og Møsstrand ligg midt mellom, dette landskapet som jamt har vore ei kjelde til økonomisk og kulturell rikdom for både Vinje og Tinn: frå før og under den lange perioden med jernvinne, i nyare tid med folkemusikarar som Håvard Gibøen og Knut Dahle, med vassdragsregulering og industrireising, med turistsatsing og fjellforvaltning – og endeleg med verdsarven.

*Tekst: Anne Vinje*